

# DEBATT

Delta på våre debattarenaer i papiravisen og på h-debatt.no  
Tlf. 52 72 00 00

**Adresse:**  
Debatt, Haugesunds Avis,  
Postboks 2024, 5504 Haugesund  
Epost: debatt@h-avis.no

## Haugesunds Avis

- Skriv kort og poengtert.
- Vanlige innlegg, maks 350 ord. Kronikker, maks 550 ord (3000 tegn)
- Innlegg må undertegnes med fullt navn. Oppgi adresse og telefonnummer.
- Haugesunds Avis forbeholder seg retten til å forkorte/redigere innlegg.

## Nydeleg når òg folk utanfor skulen viser innsikt

**Hege Mæhle**  
Rektor Grindhaug skole

I Haugesunds Avis 16. september kjem Espen Løvnik med nokre synspunkt rundt lærarar og skule. Han viser at han har forstått det. Det er nydeleg når også folk utanfor skulen viser innsikt og forståing for kva som faktisk er situasjonen.

Me har bak oss ein valkamp der politikarar har fortalt oss i skulen kva som må til for å få opp nivået i norsk skule. Lærarane må på skulebenken igjen. Dei er ikkje gode nok.

Dette stemmer dårleg med slik eg opplever situasjonen på skulen min. Kvar dag ser eg som rektor, lærarar og miljøarbeidarar som står på for at elevane skal læra mest mogleg og ikkje minst ha det trygt og godt.

På Grindhaug har me «berre» 24 og 25 elevlar i dei største klassane. Tru meg, det er meir enn nok. Lærarane har ansvaret for at desse elevane skal tileigna seg kunnskap, at dei skal gleder seg til å gå på skulen og kjenna seg trygge når dei er der.

Kvar dag er utfordringa å sjå den enkelte elev, ha tid til også ho og han som ikkje gjer så mykje av seg. Svært ofte strekkjer ikkje tida vår til. Det er for mange oppgåver og for mange elevar per lærar. Så, Erna og co: Send gjerne lærarane på vidareutdanning viss de trur dette er svaret. Eg og mange med meg veit at det ikkje er her skoen først og fremst trykkjer. Lærarane mine har god kompetanse og dei gjer ein glimrande jobb.

Eg lurar også på korleis denne etterutdanninga skal finansierast? Det har jo ikkje akkurat vore flust med pengar i skulen dei siste åra. I Karmøy har det gjennom fleire år no vore ei jamn nedskjering i ressurstilleginga i skulen. Me skal få betre resultat og løysa fleire og fleire oppgåver for stadig færre kroner.

Så lykke til, til oss alle!



**UTDANNING:** HSH har spesialkompetanse på nokre fag og studium. Ved å ta i bruk nettet kan studentar frå alle delar av Noreg følgja denne undervisninga vår, skriv kronikkforfattarane. Her blir studentar ønska velkommen i 2012.

**FOTO: HARALD NORDBAKKEN**

## Kor mykje E-stoff tolerer HSH?

### Kronikk



**Anders Grov Nilsen**  
Høgskulelektor, masterutdanninga IKT i læring ved HSH

**Aslaug Grov Almås,**  
Førsteamanuensis, prosjektleiar «Kampusbasert E-læring» ved HSH

Det handlar ikkje om tilsetjingsstoff til matvarer denne gong. I vår samanheng dreiar det seg om kor mykje E-læring me skal leggja inn i profesjonsutdanningane ved Høgskolen Stord/Haugesund (HSH).

Internasjonale og nasjonale strategidokument har identifisert og analysert potensialet som IKT utgjer når det gjeld undervisning og læring i høgare utdanning. Kunnskapsdepartementet bygger nasjonal IT-infrastruktur, med enkle og gode IKT-verktøy til undervisning, betre IKT-støtte til forskning og betre rammer til å gjera undervisninga tilgjengeleg på nett i universitets- og høgskulesektoren.

Me vert utfordra av verdskjende universitet som Harvard, Massachusetts Institute of Technology (MIT) og Stanford, som seier at dei kan tilby alle typar utdanning til millionar av menneske, ved berre eit tastetrykk.

Fenomenet heiter Massive Open Online

Courses (MOOC) og er det store, internasjonale nyordet innan høgare utdanning. Mens vanlege nettstudier kostar pengar og har avgrensa opptak, er MOOC gjerne gratis og opne for alle.

Ved HSH har me brukt IKT i utdanningane sidan 1980-talet. Den mest kjende suksesshistoria vår er kanskje masterstudiet «IKT i læring», som nett har feira 10-årsdag, men også innan ingeniørfag har me lang historie. Erfaringa og kunnskapane me har utvikla når det gjeld bruk av synkron video og webkonferanse-verktøy i desse åra, gjer oss i stand til å identifisera og vidareutvikla det pedagogiske potensialet.



Det dreier seg om kor mykje E-læring me skal leggja inn i profesjonsutdanningane ved HSH.

Våre tidlege erfaringar var til tider prega av (for?) stor avstand mellom behov og realitetar på fleire felt, t.d. mellom brukarane og deira ønske, programfunksjonalitet, breiband og PC-kapasitet. Kan hende vart også organisasjonskultur og teknologisk modningstid undervurdert?

IKT-basert fjernundervisning og ordinære studietilbod har nærma seg kvarandre. Vanlege nærstudentar treng ikkje å vera på campus heile tida, men kan levera oppgåver og kommunisera med klassen på nettet. Denne fleksibiliteten som IKT-bruken gir, opnar for at nye grupper studentar kan få tilgang til høgare

utdanning. Det er altså ei ny studentgruppe høgare utdanning no tek imot. Dei jobbar deltid og er 24 år eller eldre.

I vår jakt på gode digitale undervisningsmodellar har styret i HSH løyvd midlar til pedagogisk og teknisk støtte for tilsette i samband med e-læring- og digitale samhandlingsaktivitetar. Satsinga vert kalla «Kampusbasert E-læring» for å understreke kor viktig det er å ha fokus på gode kampusar på Stord og i Haugesund.

Flest mogleg studentar bør koma til HSH og vera her i eit fellesskap med medstudentar og engasjerte lærarar. Samtidig skal me satsa på «tidsriktig» IKT-støtta læring, gjerne nettundervisning.

Me har tru på at me skal få dette til. HSH har spesialkompetanse på nokre fag og studium. Ved å ta i bruk nettet kan studentar frå alle delar av Noreg følgja denne undervisninga vår. T.d. branningeniør eller sveiseteknologi. Me trur også at E-læring og god teknologibruk i profesjonsstudia kan gi oss praksisnar undervisning med vekt på relevans, dialog og samarbeid.

Me vil ikkje ha 100% lærar- eller sjukepleiarutdanning via Internett, men kor langt skal me gå?

HSH skal digitaliserast; det er «tidsriktig» og heilt nødvendig. Men kva vil me som underviser i høgare utdanning, kva vil HSH og kva vil studentane våre? Dette er sentrale spørsmål me jobbar med i dag.

For oss handlar ikkje høgare utdanning om å distribuera eit produkt. Me skal vera ei akademisk drivkraft for kunnskapsutvikling og utdanning på Vestlandet. Me skal fostra læring; kritisk refleksjon og utviklande dialogar.

Det kan ikkje berre lagrast i bits og bytes.